

Overordna plan for det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet mot mobbing blant barn og unge 0-20 år i Austevoll kommune



Innhald

Innleiing	3
Føremål.....	3
Overordna mål.....	4
Kva er mobbing?.....	4
Førebyggjande og haldningsskapande arbeid.....	5
Dei ulike aktørane i oppveksten og opplæringa til barn og unge	6
Helsesjukepleiar	6
PPT.....	6
Barnehage	6
Skule	6
Barnevernstenesta	7
Foreldre/føresette.....	7
Fritidsmiljø.....	7
Vidaregåande opplæring	8
Kva og kven er det naturleg å samarbeida om og med?.....	9
Innsatsområde.....	11
Langvarig og systematisk arbeid	13
Litteratur:	14

Innleiing

Austevoll kommunestyre har sett mobbing blant barn og unge på dagsorden. Alle foreldre, tilsette, alle som arbeider med eller har ei eller anna form for ansvar knytta til barn og unge sin oppvekst, må vera opptekne av dette emnet. Barn og unge har krav på ein trygg kvardag fri for mobbing, og skal oppleve at vaksne tek problematikken på alvor. Nulltoleranse mot mobbing skal vera eit felles mål for oss i Austevoll.

Mobbearbeid er ikkje noko vi kan klara åleine. Barnehage, skule, heim, lag og organisasjonar i nærmiljø er viktige arenaer for barn og unge, og alle vaksne på desse ulike arenaene må vera tydelege i synet på mobbing. Den tverrfaglege innsatsen må stimulerast.

Den overordna kommunale planen si målsetjing er å mobilisera alle som arbeider med barn og unge til eit løft i det førebyggjande mobbearbeidet i kommunen.

Denne utgåva er ei revidert utgåve av planen som vart godkjent i kommunestyret i 2012. Det er små endringar som er gjort. Nasjonale og lokale føringar er teken vekk, og forslag til tiltak er justert. Hovudbodskapen er eintydig, og formidlar ein bodskap til alle som har ansvar for og arbeider med barn og unge. Ein kan reflektera over, få kunnskap, innsikt og forslag til tiltak og bidra til at intensjonen om nulltoleranse mot mobbing blir realisert. Det fortener barn og unge i Austevoll.

Føremål

Overordna kommunal handlingsplan skal vera basis for det førebyggjande arbeidet mot mobbing i aldersgruppa 0-20 år. Planen skal sikra barn og unge i Austevoll eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.

I Austevoll kommune legg vi vekt på:

- at det vert arbeidd kontinuerleg med barn og unge sitt oppvekst- og læringsmiljø
- at barnehagen, skulen og fritidsmiljø samarbeider med foreldre/føresette om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebyggja, avdekka og handtera krenkande ord og handlingar
- at alle vaksne som arbeider i skulane har kunnskap om kap 9A i opplæringslova
- at vi skal arbeida for at lokalsamfunnet har tiltak som viser at vi står saman og tek til motmæle mot det som skjer av krenkingar og handlingar
- at vi har eit samarbeid og kommunikasjon etatane og einingane imellom som gjer at vi lukkast i arbeidet

”Barn fortjener en barndom preget av vennskap, fantasifull lek, gode opplevelser og nære og trygge relasjoner til både voksne og de andre barna. Mobbing hører ikke hjemme i barndommen”

Frå rettleiaren til barnehagetilsette; Barne –og familiedepartementet

Overordna mål

- ❖ Barn og unge i Austevoll skal erfare nulltoleranse når det gjeld mobbing. Det tyder at alle barn og unge skal vera trygge i barnehagen, på skulen og i fritid ved at dei opplever at vaksne tek ansvar og aktivt grip inn når dei oppdagar at nokon vert fysisk eller psykisk plaga og/eller stengt ute frå fellesskapen
- ❖ Alle tilsette i barnehagar og skular i Austevoll skal ha kunnskap om mobbing, korleis ein oppdagar og førebyggjer, og ha handlingskompetanse på korleis ein handterer mobbing
- ❖ Foreldre/føresette blir møtt som ressurspersonar og stabile haldepunkt i samarbeidet med barnehage/skule/fritidsmiljø omkring det å utvikla trygge og robuste barn og unge
- ❖ Lokalsamfunnet i Austevoll ønskjer å mobilisera eit haldningsskapande arbeid mot mobbing ved å skapa forankring og motivasjon blant dei vaksne som barn og unge møter på ulike arenaer; dvs at barn og unge møter ei felles plattform av haldningar, verdiar og reaksjonar mot mobbing

Kva er mobbing?

Erling Roland, kjent forskar på mobbeproblematikk, forfattar av "Mobbingens psykologi" definerer mobbing:

"Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlinger, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen."

Ein annan kjent forskar er Dan Olweus, og definisjonen hans (1992) er:

"Mobbing er gjentatt negativ eller ondsinnet atferd fra en eller flere rettet mot en elev som har vanskelig for å forsvare seg. Gjentatt erting på en ubehagelig og sårende måte er også mobbing"

Elevundersøkinga som er obligatorisk for elevar på 7., 10. trinn og Vg1 svarar elevane på spørsmål om mobbing både fysisk og digitalt. Innleiinga til spørsmåla er:

"Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskar med å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte eller halde fast»

Med utgangspunkt i definisjonane, finn vi 3 kjenneteikn ved mobbing:

- mobbing føregår over ein lengre tidsperiode
- krenkingane/handlingane må finna stad gjentekne gonger
- det må vera ein opplevd ubalanse i styrketilhøvet mellom mobbar og offer

Ubalansen i styrketilhøvet kan vera både av fysisk eller psykologisk karakter. Men den som vert utsett for mobbinga maktar altså ikkje å ta igjen eller forsvare seg.

Det vonde og ubehagelege kan vera:


- direkte mobbing; bla slag, spark, skjellsord, sårande og hånlege kommentarar.
- indirekte mobbing; ikkje få innpass i kameratflokk, baksnakking, eller at andre legg hindringar som gjer at ein ikkje får venner
- digitalt – mobbing via sosiale medier, Facebook, blogg, Twitter – opplevst som ei større utfordring i det å løysa mobbesaker

Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

Primært skal vi førebyggja – sekundært gripa inn så tidleg som mogeleg

For barn og unge er det viktig å bli akseptert sosialt. Vi må byggja ein kultur; eit sett av verdiar og normer for handlingar og interaksjon der alle vert sett og inkludert i fellesskapen.

Det er viktig å sjå kultur som ein dynamisk prosess der kulturen blir skapt av dei som deltek, og som i sin tur bidreg til å forma dei som er deltakarar. Dei viktigaste normene vi snakkar om her, er dei som påverkar barn og unge sine haldningar til kvarandre og til mobbing. Klare normer på desse områda vil byggja gode haldningar, gi positive erfaringar og kunnskapar som aukar medvitnet og refleksjon over eigen åtferd.



Henta frå materialet til Olweus, Universitetet i Bergen

Austevoll kommune ønskjer ein kultur der barn og unge ikkje vert ståande utafor, og der alle som deltek i barn og unge sitt oppvekst- og læringsmiljø tek ansvar og viser at dei bryr seg om dei som står i faresonen.

Dei ulike aktørane i oppveksten og opplæringa til barn og unge

I Austevoll kommune har vi einingar som på ulikt vis er opptekne av og har eit ansvar for oppvekst og opplæring til barn og unge. Det er m.a: barnehage, skule, helsestasjon, barnevern, PPT, kultur og fritidsaktivitetar, psykisk helsevern, sosiale tenester. Og vi har foreldra som dei viktigaste ressurspersonane i livet til barna.

Helsesjukepleiar

Fokus på helsestasjon og i skulehelsetenesta er barn/unge og helsa deira. Eit viktig mål er at barn og unge har god helse, noko som også tyder at dei trivst i barnehagen og på skulen. Mobbing er eit problem som verkar nedbrytande på helsa, derfor er dette eit viktig ansvarsområde for helsesøster. Helsesøster kan trekkast med i førebyggjande arbeid på møte der tema er mobbing.

Helsestasjon og skulehelsetenesta arbeider for tidleg intervensjon, er eit lavterskeltilbod bygd på barn og unge sine egne premissar, og har fokus på meistring, heilskap og medverknad.

PPT

Pedagogisk psykologisk teneste har fokus på at barn og unge skal ha gode vilkår både fagleg og sosialt, i barnehage og skule. Tilsette ved kontoret kan gje råd og rettleiing til føresette og personalet i barnehage og skule. Likeeins har fagpersonar frå PPT samtalar med barn og unge som strevar. PPT er med i tverrfagleg arbeid for å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår i kommunen.

Barnehage

Barnehagen skal gi barn gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og i samarbeid med heimen til barnet. Barnehagen har ei viktig oppgåve i å formidla grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og ansvar. Dei vaksne i barnehagen må samarbeida med foreldra om kvaliteten på det uformelle samspelet mellom barn, og korleis det utviklar seg. Slik kan ein sikra at mobbing ikkje oppstår eller utviklar seg.

Førskulealderen er ein læringsintensiv periode, der leik inngår som ein viktig del av sosialisering, konfliktløysing, utvikla empati, vennskap og skaffa seg venner. Inkluderande fellesskap, vennskap, personleg utvikling og allmenn velvere aukar barnet sin sosiale kompetanse. Den sosiale kompetansen er viktig for å

- unngå og stoppa mobbing
- vera ein ressurs for å meistra stress og motgong
- førebyggja problemåtferd

Skule

Skulane i Austevoll møter alle barn og unge i kommunen, og har eit særskild oppdrag i høve førebyggjande arbeid mot mobbing. Alle elevar skal bli sett, og skulane og lærarane må jobba systematisk for å fanga opp elevar som fell utafør. Gode inspeksjonsordningar er eit "must" i den samanheng.

Alle tilsette i skule har ansvar for at barn og unge vert inkludert i gode oppvekst- og læringsmiljø. Opplæringslova kapittel 9A omhandlar elevane sitt skulemiljø, og retten til eit trygt og godt skulemiljø inneber blant anna at elevane ikkje skal utsetjast for krenkande åtferd som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme.

Heim/skulesamarbeidet må byggja på gjensidig respekt og tillit. Foreldra kan forventast at skulen undersøker umiddelbart når dei får informasjon om mobbing, og at undersøkinga skal innehalda eit systematisk arbeid for å få tak i samspelet og kommunikasjonen mellom elevane i klassen eller gruppa.

Barnevernstenesta

Tenesta er lovpålagt å driva med førebyggjande arbeid, jamfør Lov om barnevernstjenester § 3-1, Barnevernstjenestens forebyggende virksomhet.

«Kommunen skal følge nøye med i de forhold barn lever under, og har ansvar for å finne tiltak som kan forebygge omsorgssvikt og adferdsproblemer. Barnevernstenesten har spesielt ansvar for å søke avdekket omsorgssvikt, adferds-, sosiale og emosjonelle problemer så tidlig at varige problemer kan unngås, og sette inn tiltak i forhold til dette».

Foreldre/føresette

Foreldra har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet mot mobbing.

”Mye kjærlighet og engasjement fra oppdragerens side, klare grenser for hva som er tillatt og ikke-tillatt oppførsel samt anvendelse av ikke-fysiske oppdragelsesmetoder, skaper ikke-aggressive, harmoniske og selvstendige barn.”

Bufetat; program for foreldrerettledning

Foreldre/føresette er eit førebilete for ungane sine. Barn knyter seg til foreldra, og spesielt når det er lite, ønskjer barnet å bli lik foreldra. Det foreldra gjer, gjer barnet. Det foreldra seier og meiner, gjentek barnet. Derfor er det nødvendig å vera seg bevisst kva ein seier og gjer med barnet innan rekkevidde.

Det er viktig å læra barna sine å visa respekt for andre når det gjeld kjensler, interesser og egedelar. Slik vert barna empatiske og tek ansvar for kvarandre. Det er også viktig å læra barn til å forstå konsekvensen av handlingane sine, og foreldra må følgja tett opp når eventuelle hendingar/episodar har skjedd.

Kva kan ein forventast at foreldre/føresette gjer for å avdekka mobbing? Læringsmiljøsentret i Stavanger har ein del forskning på området. For samarbeidet om å avdekka og stoppa mobbing er det viktig for foreldra å:

- Ha fokus på eige barn saman med andre
 - Vera observant på teikn til mobbing
 - Ta ansvar
 - Ta kontakt med barnehagen/skulen
 - La barnehagen/skulen ta seg av undersøkingane og tiltaka
- Føresette kan klaga til fylkesmannen om skulen ikkje gjer nok

Fritidsmiljø

Når det gjeld lag og organisasjonar i Austevoll veit vi at dei har gode tilbod til barn og unge, og at det vert gjort mykje godt førebyggjande arbeid. Det er ikkje etablert eit formelt samarbeid omkring antimobbearbeid i det frivillige dugnadsarbeidet, og kor mykje dei ulike lag og organisasjonane fokuserer på mobbearbeid, har vi ikkje informasjon om.

Det er grunn til å tru at det skjer mobbing i fritidsmiljø sjølv om det finst mindre informasjon om det enn tilfellet er for mobbing i skulen. Ein konsekvens av mobbing på fritida er at dei som opplever negative episodar/mobbing, held seg heime og vegrar seg for å delta i fritidsaktivitetar.

Det vert derfor viktig å visa til faktorar og tiltak som aukar kunnskapen og stimulerer leiarar i frivillige lag og organisasjonar til innsats mot mobbing.

Vidaregåande opplæring

Austevoll vidaregåande skule har elevar frå Austevoll og elevar utanfrå som bur på hybel. Skulen har handlingsplan mot mobbing og fokuset ligg på det førebyggjande arbeidet, - kontakt elev / lærar, elevundersøkinga i vg1, ulike trivselstiltak. Skulen har nulltoleranse mot mobbing og valdeleg åtferd både mellom elevar og mellom elev og lærar. Mobbing og uakseptabel sosial åtferd er i strid med skulen sine prinsipp, og målretta arbeid for gode sosiale relasjonar mellom elevar og mellom elevar og lærarar står sentralt i skulen sin utviklingsplan.

Skulen har elevinspektør som har eleven sitt psykososiale læringsmiljø som særskild oppgåve. Der er også helsesjukepleiar tilstade 1 dag i veka, med fast trefftid, med fokus på den psykiske helsa til elevane.

Det er eit samarbeid med ungdomsskulen i kommunen om bla Utdanningsvalg 9.trinn.

Kva og kven er det naturleg å samarbeida om og med?

Nokre av desse tiltaka er etablert, medan andre er gode forslag til samarbeidsområde.

Alder	Kva	Kven
0-3	Tidleg intervensjon Foreldre/barn kontakt	Helsestasjon Foreldre
	Samarbeid heim/barnehage	Barnehage Foreldre Ev. hjelpeteneste
	Nettverk på tvers av barnehagane	Helsestasjon / fysioterapi Barnehage PPT
3-6	Ha temaet mobbing oppe i foreldremøter og i barnehageteamet	Foreldre Helsestasjon Barnehage
	Nettverk på tvers av barnehagane	Helsestasjon / fysioterapi Barnehage PPT
	"Open dør" for samtale	Helsestasjon Foreldre
	Overgangsplan, sikrar kvaliteten i overgang barnehage - skule	Barnehage Skule (inkl SFO)
6-12 år	Tiltaksplanar mot mobbing	Skulen Føresette Elevane
	Inkluderande læringsmiljø: vennskap, relasjonar, klassen sitt miljø....	Skule Elevar Føresette
	Zippy`s venner	Skule PPT Skulehelsetenesta
	"Open dør" for individuelle samtalar med elevar/føresette/lærarar	Skulehelsetenesta Skule Føresette PPT
	Nettvett Tidleg fokus ikkje berre på skjermtid (TV/PC), men også på foreldra sitt innsyn i kva barn/unge gjer på pc`en i høve til mobbing og bruk av nettsamfunn	Skulehelsetenesta Skule Føresette PPT
	Pubertetsundervising	Skule Skulehelsetenesta
	Kjennskap og kunnskap om barnevern	Barnevernet Skule
	Trivselstiltak -vennegrupper, turar, ekskursjonar, prosjekt, teater/musikal...	Skule Kulturskule Føresette Elevane

12-16	Inkluderande læringsmiljø: vennskap, relasjonar, klassen sitt miljø....	Skule Elevar Føresette
	Tiltaksplan mot mobbing	Skulen Foreldra Elevane
	Informere ungdom om barnevern	Barnevern Skule
	Mediekompetanse Nettvett og nett-etikett	Skule / heim Elevane
	Utdanningsvalg 9.trinn	Ungdomsskule/vidaregåande skule
	Førebyggjande arbeid mot mobbing bl a <ul style="list-style-type: none"> • Trivselsleiarar (TL) • Gode inspeksjonsordningar • Trivselstiltak og -undersøkingar jamleg • Elevrådet diskuterer tiltak og aktivitetar vedrørende skulemiljø 	
	Elevundersøking 10. trinn	Skulen
16-20	Tiltaksplan mot mobbing	Skule/heim/elevane
	Mediekompetanse	
	Ungdommens kommunestyre- spørsmål om oppvekst og læringsmiljø	Ungdommar Kommuneadministrasjon
	Elevundersøking vg1	Skule
	Elevrådsarbeid	Elevane Skulen
	UKS- Ungdommens kulturmonstring	Skule Heim Kulturskule
	Psykisk helse i skulen VIP: Veiledning og informasjon om psykisk helse hos ungdom	Skulehelsetenesta/skule

Det finst ei rekke tiltaksprogram og læringsressursar til bruk i skulen.

Austevoll kommunestyre pålegg ikkje skulane å gå inn i eit bestemt program som motverkar mobbing og åtferdsproblem. Alle skulane i Austevoll skal ha tiltaksplanar mot mobbing, og i desse planane skal det gjerast ei aktiv vurdering om skulebaserte tiltaksprogram.

Innsatsområde

Arbeid for å skapa eit godt oppvekst- og læringsmiljø er ei vedvarande oppgåve. Det er store ulikskapar mellom dei einingane og frivillige lag og organisasjonar som denne planen er retta mot. Dette representerer ei stor utfordring når det gjeld tiltak og prioriterte område.

På dei føregåande sidene er det lista opp moglege tiltak. Følgjande sider presenterer moglege innsatsområde. Sjølv om fleire av desse tiltaka og områda er aktuelle i alle einingar, lag og organisasjonar, er det andre som har spesiell relevans under bestemte tilhøve. Her må ein bruka eit visst skjønn, men det viktigaste er at ein held oppe innsatsen mot mobbing og ekskludering over tid.

Forslaga til tiltak er inndelt i 4 målområde med utgangspunkt i dei overordna måla i planen (s.4).

MÅL: Auka handlingskompetansen til foreldre/føresette og tilsette i barnehage og skule når det gjeld førebyggjande arbeid og tiltak mot mobbing. Avklara forventningar og fellesansvar i samarbeidet heim/barnehage/skule.		
TILTAK	MÅLGRUPPE	KOMMENTARAR
Trivselsundersøking/kartlegging av skulemiljø på mellomtrinnet og ungdomstrinnet	Alle trinn	Som grunnlag for diskusjon og revisjon av tiltaksplanar/prosedyrar
Tilbod om foreldrerettleiing om mobbing blant barn og unge	Foreldre i barnehage og skule	Dette bør vere eit tilbod til alle foreldre der ein kan utveksla erfaringar og ta opp spørsmål som gjeld barneoppdraging
Informasjonsmøter	Foreldre og personal	Kunnskap/informasjon gjer alle meir reflekterte, få til eit samarbeid om godt læringsmiljø

MÅL: Dei tilsette i barnehage og skule skal ha kunnskap om mobbing, og ha praktiske verktøy/handlingskompetanse i arbeidet mot mobbing. Bidra til eit aktivt og inkluderande arbeid, og skapa møteplassar på tvers av oppvekstmiljø		
TILTAK	MÅLGRUPPE	KOMMENTARAR
"Mobbing i barnehagen. Et hefte for deg som arbeider i barnehagen "	Tilsette og foreldre i barnehagen	Ein viktig reiskap for tilsette og foreldre i barnehagen, og eit godt utgangspunkt for å laga gode handlingsplanar for det førebyggjande arbeidet mot mobbing
Tiltaksplan mot mobbing	Tilsette i skulen	Prosesdyrar må vera tydelege på alle område: førebygging-avdekking-løysing-kontinuitet

Gode inspeksjonsordningar	Tilsette i skulen	Skulebaserte tiltaksprogram seier kor viktig inspeksjonsordninga er for det førebyggjande haldningsskapande arbeidet
Kompetanseheving	Tilsette i barnehage og skule	Leggja til rette for kurs / skolering og spreie informasjon om arbeidet mot mobbing Gjera tydeleg ansvaret knytta til arbeidet mot mobbing gjennom diskusjonar om yrkesetiske problemstillinger
Foreldremøter Nettverk	Tilsette og foreldre i barnehage og skule, lag og organisasjonar	Mobbing tema på allmøte, foreldremøte Skal gi foreldra innsikt og trygga dei i foreldrerolla

MÅL: Bevisstgjera barn, unge og vaksne Bidra til kunnskapsoverføring som fremjar gode haldningar mot mobbing		
TILTAK	MÅLGRUPPE	KOMMENTARAR
Vennskap	Barn og unge	Både i barnehage og skule skal vennskap vektleggast og utviklast
Førebyggjande, haldningsskapande arbeid mot mobbing <ul style="list-style-type: none"> ○ Trivselsleiar (TL) – aktivitetar i friminutt ○ Gode inspeksjonsordningar ○ Klassemiljøarbeid ○ Trivselstiltak og – undersøkingar jamleg ○ Ev. årleg kampanje 	Alle barn og unge	Forskning viser at skular som har lite mobbing har: <ul style="list-style-type: none"> ➤ God trivsel, høg læringsmotivasjon ➤ Lærer – elev fokus, samspel / dialog ➤ Positivt klasseromsklima (bla lite uro, presis, lite avbryting) ➤ Fysisk godt læringsmiljø ➤ Elevane får god læringsstøtte i fag ➤ Høg lærartettleik ➤ PC/IKT i fag/digital læringsplattform ➤ Utdanna lærarar ➤ Få §5-1 vedtak
Elevundersøkinga	Elevar på 7.og 10. trinn og i Vg1	Obligatorisk for skular å gjennomføra

Elevrådet		Elevrådet har medverknad i tiltak og aktivitetar vedr skulemiljø

MÅL: Mobilisera eit haldningsskapande arbeid mot mobbing ved å skapa forankring og motivasjon blant dei vaksne som møter barn og unge på ulike arenaer		
TILTAK	MÅLGRUPPE	KOMMENTARAR
Etablere eit tverrfagleg samarbeid mot mobbing	På tvers av einingar	Samarbeid om korleis ein kan unngå mobbing og ekskludering
MOT i Austevoll	Ungdomsskulen og lokalmiljøet	MOT innført hausten 2013
Elevane sin rett til eit trygt skulemiljø	Alle elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring	Kap 9A i opplæringslova Plan for eit trygt skulemiljø i Austevoll kommune
Kompetanseheving av tilsette i dei ulike einingane inkl leiarar i frivillige lag og organisasjonar	Alle vaksne som arbeider med barn og unge	Bidra til å halda oppe innsatsen mot mobbing og ekskludering gjennom felles kurs
Nettvett Nett-etikett	Alle vaksne som arbeider med barn og unge	Forsterka innsatsen i arbeidet med dei utfordringane som digitale medier fører til. Td kurs, informasjon, rettleiing ved IKT-tilsette i kommunen eller andre kyndige

Austevoll kommunestyre vedtok å innføra MOT i kommunen frå 2013. Det er ungdomsskulen som er kraftsenteret i satsinga, og det er sett av ressursar til MOT-leiing, koordinator og informatør.

Langvarig og systematisk arbeid

Arbeidet med å førebyggja, avdekka og stoppa mobbing foregår kontinuerleg.

Det skal vera ein raud tråd i arbeidet og ikkje berre noko som må gjerast når det oppstår uheldige situasjonar eller ved oppstarten av eit nytt skuleår/prosjekt. Arbeidet mot mobbing skal drivast gjennom heile året.

Det systematiske arbeidet skal vera gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vera innarbeidd og må følgjast av personalet/tilsette når det jobbast med saker som vedkjem miljøet. Det bør utarbeidast ei oversikt over kven som har ansvar for kva som skal gjerast – som ei trapp – der tanken er at ein løyser problem på lågast mogeleg nivå.

Det kan vera føremålstenleg å leggja inn faste tiltak i eit årshjul der ein også definerer kven som er ansvarlege for gjennomføring av tiltak. Her må ein også leggja inn trivselsfremjande tiltak/aktivitetar.

For barnehagar og skular er det viktig å informera om tiltaksplanar mot mobbing.

Med tanke på at tiltaksplanar skal vera eit aktivt verktøy i organisasjonane, vil det vera nødvendig med ein årleg gjennomgang for å vurdere om planen fungerer tilfredsstillande eller om det er nødvendig med ein revisjon.

Vi har i dag en hel del systematisk, forskningsbasert kunnskap om mobbing blant barn og unge. Vi har også skolebaserte tiltaksprogram som har dokumenterte positive virkninger når det gjelder å minske og forebygge mobbeproblemer. Når alt kommer til alt, er det de voksnes vilje og engasjement som avgjør hvor mye mobbing som skal få forekomme i våre skoler og andre barne- og ungdomsmiljøer. Hvis vi samarbeider, kan mye oppnås med forholdsvis enkle midler. Slik innsats vil gjøre livet lettere for mange tusen barn og unge i Norge!

Dan Olweus / Cecilia Solberg 2006

Litteratur:

- Materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljøet (U-dir)
- Arbeid mot mobbing; rettleiar for tilsette og leiarar i skulen i arbeidet mot mobbing (U-dir)
- Manifest mot mobbing 2011-2014
- Utdanningsdirektoratet: Årleg kampanje mot mobbing 2011-2014 www.udir.no/mmm
- Mobbing i barnehagen. Et hefte for deg som arbeider i barnehagen. Barne- og familiedepartementet.
www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/mobbing_skjerm_bokm.pdf
- www.dubestemmer.no
- <http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/Program%20for%20foreldrerettleiing/Temahefte/Mobbing%20blant%20barn%20og%20unge.pdf>
- http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Mobbing/Mobbing_i_frtismiljoene.pdf
- http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bfd/bro/2002/0006/ddd/pdfv/171554-mobbing_internett.pdf
- <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Arbeid-mot-mobbing/Manifest-mot-mobbing-2011-2014/Kampanje-2012-Voksne-skaper-vennskap/>
- <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Beredskap-og-krisehandtering/Veiledere-for-beredskap-og-krisehandtering-i-skolen/Mobbing/Mobbing-tilknyttet-skolens-virksomhet/Ansatte2/Ansatte/>